



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2013

Fylkesrådet for eldre  
i Sogn og Fjordane



Foto: Oskar Andersen

## **Innhold**

Årsmelding 2013 – fylkesrådet for eldre .....	2
Sekretærstøtte .....	2
Handlingsprogram 2013-2015.....	2
Aktivitetsåret 2013 .....	2
Deltaking i andre råd, utval kurs og konferansar .....	3

## Årsmelding 2013 – fylkesrådet for eldre

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane skal vere eit rådgjevande organ for fylkeskommunen, og skal kunne uttale seg om alle forslag som angår levekåra for eldre i fylkeskommunen. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar i fylkeskommunen vert følgde opp.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnde o.a. Valperioden 2011–2015, vart følgjande valde som medlem av fylkesrådet for eldre:

<b>Eivind Skjerven</b>	– leiar	varamedlem er:	Grete Eltvik
<b>Rønnaug Holmøy</b>	– nestleiar	varamedlem er:	Anna Sofia Skaar
<b>Harald Ekroll</b>	– medlem	varamedlem er:	Arne Rognalsen
<b>Kristoffer Skjolden</b>	– medlem	varamedlem er:	Astrid Martinsen
<b>Anita Nybø</b>	– medlem	varamedlem er:	Claus Kvamme

### Sekretærstøtte

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet. Rådet har gjennomgåande hatt ein sekretær tilsett i 30 % stillingsstorleik. Frå sommaren 2013 gjekk sekretær Britt Marie Norheim av med pensjon. Ho hadde siste arbeidsdag 13. juni 2013. Fylkesrådmann har etter den tid stilt generell sekretariatstøtte til rådvelde. Arvid Stenehjelm, rådgjevar ved fylkesrådmann sin stab, vart kontaktperson for rådet ut året. Ordninga vert vidareført til ei meir permanent ordning er på plass.

### Handlingsprogram 2013–2015

Fylkesrådet for eldre har utarbeida eit handlingsprogram for arbeidet i inneverande valperiode, og har valt å konsentrere planen om ansvarsområde til Sogn og Fjordane fylkeskommune og dei eldrepolitiske utfordringane knytt til desse.

### Aktivitetsåret 2013

Fylkesrådet for eldre gjennomførte fem rådsmøter og handsama 23 saker i 2013. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 42 skriv og meldingar.

Fylkesrådet arrangerte den 14. november sin fylkeskonferanse for dei kommunale eldreråda som hovudmålgruppe. I målgruppa var også lokal pensjonistlag m. fleire. Tema for konferansen spente frå presentasjon av fylkesrådet og kva rolle og ansvar dette organet har, til frivilligarbeid, kva er alderdom?, lokale kulturminner – planar og registreringsarbeid og til slutt ei grundig presentasjon av prosjektet «Lyttevenn». Det vart også rom for innspel frå deltakarane med utgangspunkt i aktuelle problemstillingar henta frå det råd eller lag deltakaren representerte. Konferansen registrerte 43 deltakarar i tillegg kom førelesarane og rådsmedlemmane.

## Deltaking i andre råd, utval kurs og konferansar

- «Medvirkning i universell utforming etter plan- og bygningsloven» Deltasenteret. Kursstad og tidspunkt var Scandic Bergen Airport den 28.–29. januar 2013.
- Lokale plan-, kart- og folkehelsedagane 9.–10. april 2013.
- Temaseminar og dialogmøte våren 2013. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 –2017:
  - Temaseminar I Frivillige lag og organisasjonar 2. mars, Sandane
  - Temaseminar II Helse og organisasjonar 6. mars, Førde
  - Temaseminar III Kommunal sektor og anlegg 3. april, Sogndal
  - Dialogmøte 11. april Skei Hotell, Jølster
- Konferanse om aldersdiskriminering - Norge 2013. Tid og sted: Onsdag 24. april 2013, Oslo Kongressenter auditorium (Folkets hus)
- Verdens aktivitetsdag 10. mai 2013 - fysiske aktiviteter var ein viktig del av programmet tilpassa dei eldre.
- Landskonferansen 2013. Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit fylke i landet tek på seg arrangementet saman med Statens Seniorråd. I 2013 vart denne konferansen lagt til Rica Hell Hotel, Stjørdal 28.–30. mai med Nord-Trøndelag fylkeskommune som vertsfylke.
- Den Internasjonale Eldredagen 1. oktober 2013 - einskilde rådsmedlemmer deltok i eigen kommune i distrikta.
- Vestlandssamarbeidet. Fylkeseldreråda i Sogn & Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeide. I 2013 var det fylkesrådet for eldre i Rogaland som inviterte dei nemnde råda til samling i Stavanger 2. og 3. oktober 2013 på Victoria Hotell, Stavanger.
- Haustkonferansen Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane, Skei Hotell - 25. oktober 2013.

Stryn/Leikanger 10. mars 2014

Fylkeseldrerådet for eldre i Sogn og Fjordane

Eivind Skjerven

-leiar-



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)